

Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 17/9438-103

Kulturmidlar 2018 - klage på avslag på søknad om kulturmidlar - nytt og utvida opplag av boka "Kjære Tomasine"

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen frå Idar Stegane til følge.

Vedlegg:

1. Søknad frå Idar Stegane, dagsett 16.02.2018
2. Klage frå Idar Stegane, dagsett 23.06.2018
3. Fylkesdirektøren for næring og kultur si vurdering av klaga, dagsett 30.08.2018

Andre relevante dokument i saka:

1. Kulturstrategi 2015-2018ⁱ
2. Kulturmidlar – Retningsliner for tilskot til prosjekt og tiltakⁱⁱ
3. Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremålⁱⁱⁱ

SAKSFRAMSTILLING

1. Rettslege utgangspunkt

1.1 Mynde

Fylkesdirektøren for næring og kultur har mynde til å tildele fylkeskommunale tilskot innanfor kultursektoren etter delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.9. Det følgjer av føreordet til reglementet at delegering av mynde til fylkesdirektørane også inneber mynde til å opptre som underinstans i klagesaker etter forvaltningslova.

Fylkesutvalet som klagenemnd er klageinstans, jf. delegerings- og innstillingsreglementet, kap. 1.4.3.

1.2 Fylkeskommunale retningsliner for tildeling av tilskot

Klagen gjeld skjønnsbruken til underinstansen, og det er denne som er til vurdering i saka. Relevant for vurderinga er fylkeskommunen sin kulturstrategi 2015-18 og dokumenta «Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål» og «Kulturmidlar – Retningsliner for tilskot til prosjekt og tiltak». Desse vert kort presenterte nedanfor. For ei meir

ⁱ <http://www.sfj.no/getfile.php/2981521.2344.pcvbdrbrdf/Kulturstrategi+2015-2018.pdf>

ⁱⁱ <http://www.sfj.no/getfile.php/3753326.2344.eecxsexpvu/Retningsliner+kulturmidlar+tilskot+til+prosjekt.pdf>

ⁱⁱⁱ

<http://www.sfj.no/getfile.php/3890393.2344.zbanultinwmnlp/Grunnleggjande+omsyn+for+fylkeskommunale+tilskot+til+kulturf%C3%B8rem%C3%A5l.pdf>

utfyllande framstilling av retningslinene, vert det vist til fotnote i - iii med lenker til dokumenta.

1.2.1 Kulturstrategi 2015 - 2018

Kulturstrategien er det overordna styringsdokumentet for fylkeskommunen sitt kulturarbeid. Strategien syner dei fire kulturpolitiske måla til fylkeskommunen i perioden 2015 - 2018; å støtte kulturen sin eigenverdi, å bidra til at folketalet aukar, å stimulere til eit berekraftig kulturliv og å fremje fylket sine interesser. Satsingsområde er frivillig sektor, kulturarv og profesjonell kunst og kultur.

1.2.2. Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål

Følgjande omsyn er grunnleggjande ved tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål: (1) kulturstrategien sine prioriteringar skal ligge til grunn; (2) organisasjonen/tiltaket skal ha ei tydeleg grunngeving innanfor kultur- og idrettsfeltet; (3) organisasjonen/tiltaket skal ha regionalt nedslagsfelt og regional tyding; (4) kvalitet, relevans og gjennomføringsevne; (5) andre relevante omsyn.

1.2.3 Kulturmidlar – Retningsliner for tilskot til prosjekt og tiltak

Føremålet med tiltaksordninga er å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i fylket. Tilskot vert etter retningslinene gjeve til prosjekt og tiltak som har allmenn interesse og verknad for ein større del av fylket. Det vert ved tildelinga lagt vekt på om søkjar ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer ved samarbeid, og dessutan å realisere dristige nyskapande kultursatsingar. Stønad vert gjeve etter ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle innanfor dei til ei kvar tid gjeldande kulturpolitiske satsingsområda.

1.3 Ulovfesta reglar for det offentlege sin skjønnsbruk

Fylkeskommunen sine skjønsmessige vurderingar ved tildeling av tilskot må vere basert på saklege og relevante omsyn, jamfør den ulovfesta læra om myndemisbruk. Det er òg rekna som myndemisbruk å treffe avgjerder som er vilkårlege, etter tilhøva ikkje samhovande eller sterkt urimelege. Like tilhøve skal handsamast likt, om det ikkje føreligg ein sakleg grunn for forskjellshandsaming.

2. Bakgrunn for saka

Idar Stegane (klagar) søkte i brev 16.02.2018 om 8000 kr i kulturmidlar for å gje ut eit nytt og utvida opplag av boka «Kjære Tomasine! brev til Tomasine Tolleivsdatter Vasset 1902 – 1931», som han gav ut første gong i 2015. Boka er ei samling av 80 brev (100 ved ny utgåve) sende til Tomasine, som var stemor til mor til Stegane. Stegane ser på tiltaket som ei tilrettelegging av kjelder og som eit supplement til lokal og regional historie, som gjerne kan nyttast i skulen.

Klagar skriv i søknaden at boka ikkje vil gje inntekter ved sal, sidan ho først og fremst er ei samling kulturminne. Førsteopplaget er utseld og klagar har snakka med forlaget om eit nytt opplag. Sidan det har dukka opp fleire brev ønskjer han å gje ut ei ny og utvida utgåve. Det er planlagt å trykkje 50 eksemplar av boka.

Vedlagt søknaden er ein uttale frå seniorkonsulent ved avdeling for spesialsamlingar ved Universitetsbiblioteket i Bergen, Ola Søndena, som skriv at brevsamlinga er svært verdifull. Den skildrar det kvardagslege, sjukdom og slit, glede og sorg, tankar og røynsler frå bygdelig i Sogn og Fjordane i dei første tiåra i det tjuande hundreåret. Dei fleste andre brev ved spesial-samlingane ved Universitetet i Bergen er skrivne av personar med høge posisjonar i samfunnet og skildrar historiske storhendingar av ymse slag.

Stegane fekk avslag på søknaden i brev 8.6.2018 frå fylkesdirektøren for næring og kultur, og klaga på avslaget 23.6.2018.

Fylkesdirektøren for næring og kultur har som underinstans teke stilling til klagen.

3. Vurderingar og konsekvensar

3.1. Grunngeving for klaga

Klagar skriv at tiltaket i forma er ei bok, men at det ikkje er ei bok som kan gje nok inntekter ved

sal. Utan støtte må klagar vere budd på å bruke 18 875 kroner av eigne midlar. Klagar har fått avslag på støtte frå Universitetet i Bergen, Sparebankforeininga i Sogn og Fjordane og Stiftelsen Fritt Ord.

I praksis er tiltaket først og fremst ei samling av kulturminne. Sjølve språket i dei 100 breva vil kunne vere tema for ei masteroppgåve eller anna fagleg tilnærming. Vidare vil breva vere kjeldemateriale for studiar i lokalhistorie, landbrukshistorie og sosialhistorie.

Klagar syner også til tidlegare grunngjeving, og held oppe søknaden om 8000 kroner for å finansiere utgjevinga av boka.

3.2 Underinstansen sin kommentar til klaga

Avslaget er grunngjeve med at det etter fylkeskommunen sine utdjupa retningsliner for kulturminnetilskot (iii), ikkje vert gjeve tilskot til publisering av litteratur, fordi slike prosjekt kan finansierast gjennom sal av produktet. Avgrensinga er gjort fordi det innan ramma for ordninga ikkje er rom for å støtte alle som søkjer. Fylkesdirektøren må difor prioritere.

3.3 Fylkesrådmannen si vurdering

Det i stor grad opp til forvaltninga sitt skjønn og sine prioriteringar å avgjere kven som får tilskot etter denne ordninga, så lenge vurderingane og avgjerdene er i tråd med den ulovfesta læra om myndemisbruk. Det er likevel lagt retningsliner til grunn for handsaminga av tilskots-søknader, og desse vil gje søkjarane ei forventning om kva for omsyn som blir tillagt vekt ved handsaminga.

Klagar skriv at tiltaket i forma er ei bok, men at det ikkje er ei bok som kan gje nok inntekter ved sal. Tiltaket er først og fremst er ei samling kulturminne av stor kulturhistorisk verdi og nytte.

I fylkeskommunen sine utdjupa retningsliner «Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål», under punktet «Kva kan ikkje få tilskot?» står følgjande:

«-Det vert ikkje gitt tilskot til utgjeving / publisering av litteratur, film og musikk. Dette vert føresett finansiert gjennom sal av produktet.»

Avgrensinga er gjort fordi det innan ramma for ordninga ikkje er rom for å støtte alle som søkjer. Fylkesrådmannen støttar fylkesdirektøren i denne vurderinga, og kan ikkje sjå at klagar sitt tiltak skal vurderast annleis i denne samanhengen.

Størstedelen av brevsamlinga er gjort tilgjengeleg i bokutgjevinga frå 2015. Sidan første opplaget er utselt, vurderer fylkesrådmannen det slik at også ei ny og utvida utgåve vil kunne gje inntekter ved sal dersom klagar ønskjer å publisere materialet på ny i bokform.

Fylkesrådmannen viser også til fylkesdirektøren si vurdering i samband med handsaminga av klagen om at mykje lokalhistorisk materiale i dag vert gjort tilgjengeleg gjennom digitalisering og publisering på nett, som til dømes Fylkesarkivet si teneste Kulturhistorisk leksikon for Sogn og Fjordane eller den nasjonale portalen Lokalhistoriewiki.no. Å publisere på desse portalane er kostnadsfritt, og fylkeskommunen vil kunne bidra med rådgjeving dersom klagar ønskjer å publisere brevsamlinga på denne måten. Denne typen materiale bør gjerast tilgjengeleg for så mange som mogleg.

3.4 Økonomiske konsekvensar

Fylkesdirektøren for næring og kultur har sett av ein sum til klagehandsaming og handsaming av nye søknader. Det er per dags dato 179 000 kroner igjen til begge desse postane. Viss nye søknader og klagehandsaminga medfører at det vert løyvd for meir enn denne summen, må pengane takast frå neste års budsjett, eller finansierast på anna vis.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at klagen ikkje vert teken til følgje.